



V
I
K
E
D
A
L

Medlemsmøte laurdag 13. mars kl. 12.00 hjå Suldal Billakkering

Medlemsmøtet i vår vert i samband med teknisk årskontroll hjå Suldal Billakkering i Sandeid. Møtet startar kl. 12.00.

Saksliste :	- Opning og presentasjon	Styret
	- Info. om nybygget	Steinar
	- Kurs 2004	Tom Jøran
	- Dugnad/lokkemiddel til meir innsats	Steinar
	- Info. frå MC-gruppa	Jan
	- Info. frå bilgruppa	
	- Cupar i 2003	Johannes
	- Endringar i regelverket	Svein Erik
	- Trening, bil	Svein Bjarte
	- Treningsleir	Sivert Ole
	- Lokale kontaktpersonar	Johannes
	- Eventuelt	

Ta med alle motorsportsinteresserte du kjenner og kom. Alle er hjarteleg velkomne. Etter møtet er det sett av tid til uformelle diskusjoner og kaffi.

Nytt år og nye utfordringar!


Som dei aller fleste har fått med seg, har det minka på bygningsmassen på motorbanen, nye brakker er kjøpt inn, og går alt etter planen er dei i drift til det første løpet. Dette medfører sjølv sagt masse arbeid før sesongstart, men også seinare i sesongen med regelmessig vedlikehald, maling, klypping, vatning og skraping med meir. Me ønskjer å vidareføra konseptet frå dei siste åra med å premiera dugnad. Det vil seia at me set som ein føresetnad at alle aktive er med på 2 dagnader. Etter det byrjar opptjening som før, 1 dugnad er lik 1 fri trening, 2 dagnader gir 1 fri startkontingent på våre løp. Me er også fleksible med tanke på kva som er dugnad, eks. i fjor hadde me dugnad som "stands" og utleige av kjøretøy på messer og lignende. Er det nokon som har tilgjengelig utstyr som traktor, lastebil, gravemaskin, plenklyppar og lignende er gjerne dette aktuelt. Det er ein føresetnad at dugnad er avtalt med leiar i anleggskomiteen på førehand. Ein er sjølv ansvarleg for registrering på framlagde lister i førarbrakke. Er det ønskje om ikkje å gjera dugnad i det heile, kan ein kjøpe seg fri for kr 1.000,-. Funksjonærtjeneste og vakhold blir uansett ikkje medrekna som dugnad. Det blir fast dugnad onsdag kveld før løpa frå 1700-2100.

Me set ei grense på å registrere dugnadsinteresse til 1. april. Er ein då ikkje registrert ved første løp, må kvittering for frikjøp leggjast fram.

Dette er den informasjon som blir utsendt om dette, me vil i år ikkje drive med purring.

For anleggskomiteen: Steinar Høyvik, higre@online.no 90061073

Følg med på det som skjer på www.nmk-vikedal.net



Aktivitetsplan for sesongen 2004

Dato	Kl.	Aktivitet	Stad	Ansvarleg
Laurdag 13.03	10.00	Teknisk årskontroll	Suldal Billakkering	Johannes H. Leifsen
Laurdag 20.03	09.00	Lisenskurs Bilcross jr. (praksis)	Vikedal Motorbane	Sivert Ole Holten
Laurdag 20.03	13.00	Lisenskurs H-løp (praksis)	Vikedal Motorbane	Sivert Ole Holten
Laurdag 27.03		Trening	Vikedal Motorbane	Svein Bjarte Holten
Onsdag 31.03		Trening	Vikedal Motorbane	Svein Bjarte Holten
Laurdag 03.04		Trening	Vikedal Motorbane	Svein Bjarte Holten
Laurdag 17.04		Bakkeløp	Vikedal Motorbane	Kjell Johansen
		1. runde i Vestlandsmesterskapet		
Søndag 18.04	12.30	Bilcross jr./rallycrossløp	Vikedal Motorbane	Kjell Johansen
		2. runde i Vestlandsmesterskapet		
Laurdag 24.04		Bilcross/rallycross nasj.	Eikås Motorsenter	KNA Bergen
		1. runde i Værsting cup		
Søndag 02.05		Bakkeløp, bilcross/rallycross	Tengs Industriområde	NMK Egersund
		3. runde i Vestlandsmesterskapet		
Søndag 16.05		Asfaltløp	Reve Kart Ring, Klepp	KNA Klepp Karting
		4. runde i Vestlandsmesterskapet		
Laurdag 22.05		NM-runde rallycross	Eikås Motorsenter	NMK Bergen
Søndag 23.05		NM-runde rallycross	Eikås Motorsenter	NMK Bergen
		5. runde i Vestlandsmesterskapet		
Laurdag 05.06		Bilcross/rallycross nasj.	Eikås Motorsenter	NMK Bergen
Søndag 06.06		Bilcross/rallycross nasj.	Tengs Motorbane	NMK Egersund
		2. runde i Værsting cup + kval. til Landsfinalen		
Laurdag 12.06	13.00	Bilcross/rallycross nasj.	Vikedal Motorbane	Bjarte Lygre
Søndag 13.06	12.30	Bilcross/rallycross nasj.	Vikedal Motorbane	Bjarte Lygre
		3. runde i Værsting Cup + kval. til Landsfinalen		
Laurdag 28.06 ??		<i>Motormarked</i>	<i>Vikedal Motorbane</i>	???
Søndag 07.08		Bakkeløp	Kråkenesmarka	NMK Sunnfjord
		6. runde i Vestlandsmesterskapet		
Søndag 15.08	12.30	Bilcross	Vikedal Motorbane	Kjell Johansen
		5. runde i Værsting Cup		
Laurdag 28.08		Landsfinalen i bilcross	Eikås Motorsenter	NMK Bergen
Søndag 19.09	12.30	Bilcross jr./rallycross	Vikedal Motorbane	Kjell Johansen
		7. runde i Vestlandsmesterskapet		
Søndag 25.09		Bilcross/rallycross	Eikås Motorsenter	NMK Bergen
		6. runde i Værsting cup		
Søndag 10.10	12.30	Bakkeløp, Bilcross/rallycross nasj.	Frakkegjerd Ind. område	Sverre Sæterbø
Laurdag 16.10		Bilcross/rallycross	Eikås Motorsenter	NMK Bergen
		8. runde i Vestlandsmesterskapet		

Det kan bli endringer i aktivitetsplanen. Dette vert då kunngjort på heimesidene våre på internett, via e-post eller på SMS. Send gjerne ein e-post til post@nmk-vikedal.net med rett kontaktinformasjon for deg (vanleg postadresse, tlf. nr, mob. tlf. og e-post adresse) slik at du er sikker på å få informasjonen.

Motocross-aktivitetar

Som de ser er det ingen motocross-aktivitetar med i planen. Som tidlegare vil dei kjøra treningar kvar laurdag og etter behov på onsdagar. Dette vil vera faste dagar, men ein må diskutera litt med bilgruppa på tidspunkta.

I år håpar vi også å få til å arrangera eit løp, kanskje to. Dette er avhengig av at fleire engasjerer seg, slik at belastninga på dei ivrigaste ikkje vert for stor.

Som det ser er det mange ting på gong, så det er berre å ta kontakt med motocross-gruppa v/Jan Hegerland dersom du lurer på noko. Tlf. nr. osv. finn du på baksida. Mykje av informasjonen i motocross-gruppa går på e-post. Dersom du ikkje fdenne i dag, men ønskjer å få den, sender du ein e-post til jan@janshydraulikk.no og ber om å bli lagt til adresselista hans.

Fakta og rykter om aktive og bilar før sesongstart

Bilcross junior:

Som vanleg går ein årsklasse ut og ein ny kjem inn i junior-klassen. Dei som går ut er Ørjan Vikedal, Stian Tysnes og Roald Johan Saltvedt. Av nye som vi veit om er Kristoffer Reimers frå Vikedal. Han er nærmaste nabo til banen, og har allereie tjuvtrent litt på bakkane rundt huset heime. Han har kjøpt BMWen som Sauda Vidaregåande skule byggede i fjor, men skal bytta ut den store 6-eren med ein Volvo-motor. Kjartan Vaka Lothe i Ølensvåg er visstnok og klar, muligens med Ford. Ellers går det rykter om ei ny jente i jr. klassen frå Fitjar, muligens ein jr. frå Bokn og i Sauda byggjer skulen ein Volvo 164 med 3 liters rekkeseaker.

Av fjorårs-debutantane stiller Knut Endre Fønnebo Ringhagen i ny Sierra. Ellers håpar vi dei fleste som var aktive i fjor også er med i år. Sjølv om fleire har gjort det godt i debut-sesongen, aukar sjansane for gode resultat med litt erfaring.

Bilcross, herrar:

I Higre-teamet har det vore litt uenighet i ein garasje som Lars Reidar og Martin deler. Der har boble- og Escort-deler blitt kasta inn og ut alt etter kven som har arbeidslyst og skal rydda. Om dei er blitt enige om kor delene skal plasserast er uvisst. Ellers er teamet utvida med ein Volvo 360 med foreløpig ukjent sjåfør. I familien Vikedal har mekanikar og sjåfør bytta plass. I år er det far Bjørn som skal kjøra, medan Ørjan skal vera mekanikar. Geir Harald Skeie har kassert sin gamle Peugeot 205, og er på jakt etter ny. Ellers har Johannes H. Leifsen selt sin Sierra til Erfjord. Dei ferske boble-eigerane, Tore Hundsnes, Lars Reidar Frøyland og Per-Gaute Østbø, har nok gjort seg meir kjent med boblene og blir nok farlege i år. Per-Gaute har fortsatt Skodaen ståande i garasjen om bobla ikkje fungerer optimalt. Steinar Høyvik er og observert over tunet med nokre røyrrar. Dei var såpass korte at det kan tyda på at han syslar med nokre boble-greier. I Ølen har det blitt registrert friske eksoslydar frå sletta bak Fatland der fam. Lothe heldt til. I Vats er Fiaten til Tom Jøran Johnsen allereie klar til sesongstarten, men den er observert i tilsals spalta på www.nmk.no, så det kan vera at Tom Jøran har andre planar for sesongen.

Presidenten sine "herjingar" med amerikansk V8er har også inspirert. Bjørn Egil Ness held på med ein Volvo 245 med V8er, og det går også rykter om eitt par amerikaner som skal vera på gong.

Med alt dette på gong, håpar vi at det er nokon som kan ta opp kampen med bergenserane i Værsting cup og gjera ein fin figur i landsfinalen som i år går den 28. august i Bergen. Me minner om at 2-dagars løpet i juni er kvalifiseringsløp til Landsfinalen.

Rallycross nasjonal:

Vestlandsmesteren i den minste klassen, Ernst Holten Leifsen, har sin Escort for sal. For dei som er interessert i ein vinnarbil i denne klassa, er prisantydninga 125.000,-. Han har planar om å satsa i den største klassen i supernasjonal, og Terje Heggøy sin 240 er ein aktuell bil for denne satsinga dersom Escorten blir seld. Andreman i VM, Rune Lutsi, vil ta det


rolegare og ikkje delta i så mange løp denne sesongen som i fjor. Faren, Sigmund Lusti, skal etter planen kjøra løpa i Vikedal med bilen til Rune. Øyvind Våge fortset med sin Escort, men det er litt usikkert kor mange løp han vil delta i. Frode Fresvik kjørte godt i mange løp i fjor med sin Golf. Skjalg Lothe har kjøpt seg ny Nissan Silvia med BMW-motor. Den gamle bilen er seldt til Skudenes. Korleis det går med Ben Inge Hammer med Mercedesen og om Vidar A. Olsen blir klar med sin nye BMW M3 veit vi ikkje. Det finnst også nokre andre bilar i Haugesundsområdet som ikkje deltok i løp i fjor, men som vi håpar er med i år.

Øyvind Eikeland, som vann VM i den største klassa, fortset med si kjappe boble. I Fitjar Racing Team (FRT) blir det ein liten endring ved at Arild Vik skal køyra bilen til Ole Vidar Helland i nokre løp. Sønnene til Ole Vidar, Nils Arve og Håvard, fortset med dei same bilane. Det same gjer Jarle Bukkøy, som debuterte i fjor haust i Volvo 240. Alf Magne Sørensen annonserte sin BMW for sal i haust, men det er uvisst kva planar han har. Det har og gått rykter om at Øyvind Tveit skal selja sin Volvo 240 pga. Huskjøp, men det høyrerst no ut til at han fortset. Ellers er Terje Steinnes tilbake med sin Volvo 360 etter eit frustrerande år med rot i deleleveransane. Han er nok kjøresugen no når han endeleg har fått skikk på drivverket.

Rallycross supernasjonal:

Her blir det kanskje mest endringar på Vestlandet i år. Lokalt har Leif Roald Bjelland sin Escort i klassen inntil 2000 ccm for salg. Prisantydninga er rundt 200.000,-, og det skal vera interesserte kjøperar. Svein Bjarte Holten fortset med sin Focus. Den er no heilt demontert og det er planlagt nokre endringar på hjulopphenget både framme og bak. I tillegg er motoren til overhaling der dei og skulle leita etter nokre fleire hestar. I klassen over 2000 ccm har Terje Heggøy planar om å selja sin Volvo 240. Prisantydning er også her rundt 200.000,-

I Bergens-området har det skjedd og vil skje mykje. Det største prosjektet står nok Tommy Bakkerud for. Han og er i gong med å byggja opp ein Subaru Impreza til den største klassen, over 2000 ccm. Rykter antydar 450 hk og 700 Nm i moment frå ein 2 liters turbo-motor, men det er kanskje litt optimistisk. Spennande vert det iallefall å sjå om dei får det til. Forhåpentlegvis er bilen klar til sesongopninga i Vikedal i april. Ole Kristian Nøttveit satsar og sterkt. Han har kjøpt vinnar-bilen i klassen inntil 2000 ccm i NM ifjor, ein Mazda RX-7 som Pelle Erland frå Mandal køyrde. Lennart Vetås har kjøpt gamle-bilen til Ole Kristian, ein BMW M3. Fjorårsbilen til Lennart, ein Volvo 480, har den opprinnelege byggjaren, Stian Engh frå Toten kjøpt tilbake. Håvard Gaassand held på å byggja opp ein Volvo S40, men det er litt uklart når den blir klar. Jostein Skjerve fortset med sin publikumsvennlege Holden Commodore og Knut Erik Ludvigsen med sin Kadett. Ludvigsen satsar nok på å bli Vestlandsmester no når Tommy er gått opp ein klasse. Enkelt blir det nok ikkje, for Kjetil Møn har også planar om å gå ned ein klasse med sin M3. Dermed kan det bli mange spennande heat i klassen inntil 2000 ccm i VM, medan det kan bli litt få bilar i den største.



Telefon-/adresseliste :

Namn	Priv. tlf.	Mob. tlf.	Tlf. jobb	Telefaks	E-post adresse
Leif Roald Bjelland	52761529	91534212	53775282		leif-roald.bjelland@olenbetong.no
Lajla S. Eikeland	52765986	95934402			s.eikela@online.no
Jan Hegerland	53766059	90623509	53766050		jan@janshydraulikk.no
Svein Bjarte Holten	52760505	98283791	52767377	52767370	suldal.billakkering@c2i.net
Sivert Ole Holten	52760499	90547433	52760429		sivert.ole@holtenmedia.no
Steinar Høyvik	52777138	90061073	52709400		higre@online.no
Kjell Johansen	52843270	90166509			kjetting@online.no
Tom Jøran Johnsen	52765476	90864727			tjj@westcon.no
Johannes H. Leifsen	52760335	98283794			johannes@holten-motorsport.no
Bjarte Lygre	52781121	93654103			bjalyg@online.no
Dag Lygre	52760337	90733431			dag.lygre@statoil.com
Norges Bilsporforbund	23054500			23054510	info@bilsport.no
Norsk Motor Klubb	32208595			32208590	post@nmk.no
Bryn Rønnevik	52760300	97706036			brynr@c2i.net
Rita S. Skeie	52761230	92090480			
Geir Utaaker	52761961				
Svein Erik Østbø	52761325	90895398	52803316	52803088	svein-erik.ostbo@no.abb.com

